



En Til En Arkitekter AS  
Vaskerelven 8  
5014 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 22/1564 - 23/12184

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
14.02.2023

## Igangsettingsløyve1 for grunnarbeid for einebustad B1a-03 Sveåsen - gbnr 322/247 Mjåtveit

**Administrativt vedtak:** Saknr: 174/23  
**Tiltakshavar:** Sveåsen AS  
**Ansvarleg søkjar:** En Til En Arkitekter AS  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve for delar av tiltaket - til igangsetting av grunn- og terreng for einebustad med bod og carport på tomt B1a-03 gbnr 322/247 i Sveåsen på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 04.08.22 med vilkår gjeld for tiltaket. Vilkår skal stettast.
2. Før oppstart skal det takast vassprøver av fangdam 3.
3. Det skal utførast kontinuerleg ukentleg visuell kontroll av fangdam 2 og 3, med foto ( gjerne mobilfoto) som dokumentasjon av situasjonen i fangdam 3. Resultat av vassprøvane må førast i loggbok. Ved gjennomsnitt turbiditet over 2,2 FNU, må det gjerast grep for å betre vasskvaliteten og arbeidet må opphøyra umiddelbart til utbetring er gjennomført.
4. Vilkår i løyve for felles veg og avkøyrsløse i sak 21/5193 skal stettast.
5. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk/kloakkanlegg i samsvar med framtidig løyve til påkopling i sak 23/668.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg VA anlegg i sak 23/668.

2. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.
3. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkøyrsløse i sak 21/5193.
4. Godkjenning av veg, avkøyrsløse og VA-anlegg av Samferdsel avdelinga.
5. Vegsystem med varmekablar skal vere på plass og fungere ved bruksløyve/ferdigattest.
6. Det skal lagast ordning for oppfølging av vasskvalitet på overvatn med evt. prøvetaking, analyse og rapportering til kommune.

### **Tiltak**

Saka gjeld søknad om igangsetjing for grunnarbeida på felt B1a, tomt 03 for einebustad med carport og bod med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 213 m<sup>2</sup>.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, leidningsnett og støttemurar, samt opparbeiding av avkøyrsløse, interne vegar og parkering. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Felles veg og avkøyrsløse skal opparbeidast i samsvar med løyve frå vegstyresmakta i sak 21/10465, datert 03.02.22.

Det er gjeve rammeløyve og igangsetjingsløyve i sak 21/5193 den 16.02.22 for oppføring av veg, VA-anlegg for heile feltet Sveåsen med 25 bueiningar.

Det er mottatt røyrleggjarmelding i sak 23/668 for tilkopling til kommunalt VA-anlegg den 23.01.23, melding er ikkje handsama per dags dato.

Kommunen har i vedtak av 12.08.2022 gjeve rammeløyve for dette tiltaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 06.02.23 og røyrleggjarmelding mottatt 23.01.23 i eigen sak 23/668.

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett når den vart motteken 06.02.23 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

### **VURDERING**

#### **Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

#### **Aktuelt regelverk**

- Igangsetjing av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/1564

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### **Bortfall av løyve**

Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Sveåsen AS

Strandgaten 9 5013

BERGEN

**Mottakrar:**

En Til En Arkitekter AS

Vaskerelven 8 5014

BERGEN